

# 8

## TEMA 8 \ SEX VERSUS PORNO

### KORLEIS SKAPE TRYGGE KLASSEROM NÅR DU UNDERVISER OM PORNO?

- Porno kan vere eit vanskeleg tema å snakke om. Då kan det vere godt for både deg som undervisar og elevane å vite at de aldri skal snakke ut frå personlege erfaringar, men heller snakke om temaet på ein meir generell måte. Når vaksne snakkar med unge om porno, er det lett å gå i fella og bruke ein fordømande tone og framstille det som nokon utelukkande dårleg. Mange unge, uavhengig av kjønn og legning, ser på porno og liker det – også den typen som er meir ekstrem. Dette gjeld alle elevane, ikkje berre gutane. Å framstille porno som utelukkande gale kan føre til at elevane opplever skam for å like det eller å vere nysgjerrige på det.
- Ein viktig del av undervisninga om porno er å få elevane til å reflektere over samtykke, kjønn og stereotypiar som finst i porno.

### KVA ER EIGENTLEG FORSKJELLEN PÅ SEX OG DET SOM BLIR VIST I PORNO?

Porno er gjerne ikkje det lettaste temaet å snakke med vaksne om, verken lærarar eller foreldre, utan å bli ein tanke lyserosa i kinna. Men vi kan ikkje snakke om kropp og seksualitet utan å snakke om porno. Dei aller fleste unge ser porno lenge før dei sjølve debuterer seksuelt, og på grunn av det kan porno vere med på å forme kva slags forventningar vi har til oss sjølve og den andre parten når vi debuterer seksuelt.

Det er viktig å anerkjenne at det kan vere gode ting ved porno. Det finst millionar av bilete og videoar som viser menneske som har sex, og det er ikkje slik at vi kan putte alt dette i same båsen. Porno gir deg høve til å utforske kva du tenner på, og bli kjend med dine egne seksuelle preferansar på dine egne premissar. Men det er også viktig å anerkjenne at pornoen også kan gi deg urealistiske forventningar til kva sex er, korleis ein gjer det, og korleis kroppen skal eller bør sjå ut når du har sex. Derfor er det viktig at porno ikkje er den einaste kjelda di til informasjon om kva sex er. Det kan vere lurt at du utforskar din eigen kropp på eiga hand, les om sex på nettstader for unge, snakkar med venner om det, og at du pratar med parten du skal ha sex med, om kva forventningar de har.

Mykje sex i porno er annleis enn sexen menneska har i verkelegheita. Hovudgrunnen til det er at porno gjerne følgjer eit manus, akkurat slik dei gjer på film. Skodespelarane er ofte profesjonelle, og jobben deira er å ha ein kropp og ein oppførsel som passar inn i det pornomanuset dei skal følgje. Det finst variasjon blant skodespelarane, men stort sett er dei unge, tynne/muskuløse menneske som passar inn i funksjonsnorma. Sidan skodespelarane følgjer eit manus og ein regi, er det ikkje alltid slik at skodespelarane viser omsorg eller respekt for kvarandre, dei er heller ikkje alltid opptekne av at motspelare blir tilfredsstilte i porno. Ofte vil filmen eller klippet kanskje sjokkere, eller så skal dei portrettere ein spesiell fantasi.

Ein annan ting som ofte er sentralt i porno, er penetrering, altså å putte penis inn i skjeden eller eit anna hol. Her er det greitt å vite at det er svært få som kan oppnå orgasme berre ved penetrering, og det er derfor den utforskande delen av sexen – for eksempel kyssing, å ta og føle på den andre med hender og munn – er viktig, ikkje berre penetrering. Vidare er det viktig å vere klar over at enkelte seksuelle aktivitetar krev langt meir tid og fleire førebuingar enn det som kjem fram i porno, og dei kan vere skadelege dersom ein ikkje gjer dei rette førebuingane og kommuniserer godt. analsex er eit eksempel på dette, det er ein avansert måte å ha sex på, og krev at dei som gjer det, set seg inn i korleis dei kan gjere det på ein trygg og ikkje-skadeleg måte. Det er ikkje noko fasitsvar på kva som er rett måte å ha sex på, det einaste som er viktig, er at dei som er med, har skikkeleg lyst.

Kven som helst kan laste opp filmar og videoar på pornosider: forskjellige profesjonelle aktørar, både under store kommersielle selskap og uavhengige produsentar, men også privatpersonar. Dette kan vere både positivt og negativt. Det kan bidra til at framstillinga av sex blir meir variert, men det kan også føre til at menneske opplever å få sine egne private seksualiserte bilete og videoar spreidde til framande på internett mot deira vilje. Somme av videoane kan også vere ulovlege, for eksempel dei som viser seksualisert innhald med barn under 18 år, eller andre overgrep.

# 8

## TEMA 8 \ SEX VERSUS PORNO



Fordi kven som helst kan laste opp porno, og det finst lite informasjon tilgjengeleg for sjåaren, kan det vere vanskeleg å vurdere om menneska i filmen faktisk har samtykt til det som skjer, om det skal visast, eller om det har vore ryddige arbeidsforhold. Desse tinga kan det vere lurt å reflektere over.

I porno blir det i tillegg ofte spelt på karikerte framstillingar av ulike grupper i samfunnet, blant anna kvinner, menn, seksuelle minoritetar og ulike etniske grupper. Desse framstillingane kan bidra til å skape stereotypiar, og kan vere skadelege for gruppene dei rammar.

### Nokre stereotypiar i porno:

- Menn er muskuløse og har store penisar.
- Menn har ereksjon veldig lenge, og kan ha penetrerande sex veldig lenge.
- Kvinner er slanke og har store pupper/rumper.
- Alle kan få orgasme av penetrering.
- Orgasme er alltid veldig høglydt.
- Stemødrer vil ofte liggje med bonusbarna sine.
- Svært unge jenter vil ofte liggje med mykje eldre menn.
- Det er berre unge menneske som har sex.
- Dei fleste kjønnsorgan er like – og alltid glattbarberte.
- Melaninrike menneske er meir seksuelle av natur.
- Alle liker å kombinere vald og sex.
- Analsex er ein enkel måte å ha sex på.
- Kvinner er naturleg underdanige.
- Dei fleste kvinner liker å ha sex med andre kvinner.
- Den mest vanlege sexen for lesbiske og homofile er penetrerande sex.

### ORDLISTE

**Porno:** Porno er tekst, bilete eller film med seksuelt innhald som har som mål å gjere den som bruker det, opphissa/kåt.

**Etisk porno:** Det finst aktørar som marknadsfører filmene sine som «etisk» porno. Det kan bety at skodespelarane har gitt sitt fulle og entusiastiske samtykke til å liggje med den andre skodespelaren eller dei andre skodespelarane. Slik porno kan også vise eit større mangfald av seksualitetar, kjønn og kroppar.

**Analsex:** Innføring av sexleiketøy, finger eller penis i endetarmsopninga (anus) for å oppnå seksuell nyting.<sup>23</sup> Analsex er ei avansert form for sex og krev at partnarane lærer seg korleis dei skal gjere det, og kommuniserer godt.

### Vulvodyni, vaginisme, vestibulitt og andre smertelidingar i underlivet:

Dersom den med vagina, ikkje er nok opphissa, kan det kjennest tørt og trongt, og kanskje vere vanskeleg å få penis eller andre ting inn i skjeden. Så mange som éi av fem kvinner slit med smerter i underlivet. Slike smerter kan kome av tilstandar som vulvodyni, vaginisme og vestibulitt.<sup>24</sup> Alle desse tilstandane kan gjere det smertefullt å gjennomføre daglege gjeremål, og å ta på vulva eller føre ting inn i vagina. Samleie skal **ikkje** vere vondt. Dersom du opplever smerter, kan du oppsøkje hjelp.

<sup>23</sup> Store Norske Leksikon: 2012: <https://sml.sn.no/analsex>

<sup>24</sup> <https://oslokvinnnehelsesenter.no/vestibulitt-vaginisme/>